



NOREGS HØGSTERETT

Den 22. desember 2011 sa Høgsterett dom i

HR-2011-02403-A, (sak nr. 2011/1201), straffesak, anke over dom,

I.

A

(advokat Harald Stabell)

mot

Den offentlege påtalemakta

(kst. statsadvokat Iris Øsp Lydsdottir Storås)

II.

B

(advokat Tore Angen)

mot

Den offentlege påtalemakta

(kst. statsadvokat Iris Øsp Lydsdottir Storås)

III.

C

(tidligare D)

(advokat John Christian Elden)

mot

Den offentlege påtalemakta

(kst. statsadvokat Iris Øsp Lydsdottir Storås)

IV.

Den offentlege påtalemakta

(kst. statsadvokat Iris Øsp Lydsdottir Storås)

mot

B

(advokat Tore Angen)

C

(tidligare D)

(advokat John Christian Elden)

E

(advokat Gunnar K. Hagen)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld anke i straffesak om grove seksuallovbrot der fire born var krenkte av fleire vaksne. Hovudspørsmålet gjeld straffutmålinga, og då også om det bør nyttast forvaring der alternativet er svært lange fengselsstraffer. Saka reiser vidare spørsmål om krav til grunngiving i lagrettesak.
- (2) Hedmark og Oppland statsadvokatembete tok 22. desember 2010 ut tiltale mot A, fødd 8. oktober 1946, E, fødd 23. september 1964, D, fødd 25. mai 1964, B, fødd 4. juli 1964, og F, fødd 1. mars 1947, for ei rekke strafflagde tilhøve.
- (3) D har etter lagmannsrettsdommen skifta namn til C. Namnet D er nytta i dei fleste dokumenta i saka, og eg nyttar det derfor under gjennomgangen no.
- (4) Nord-Østerdal tingrett sa 18. februar 2011 dom med slik domsslutning:

”1. A, født 8. oktober 1946, dømmes for overtredelse av
 straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf annet ledd bokstav a jf tredje ledd
 bokstav b jf § 206, jf § 205,
 straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf tredje ledd bokstav b jf § 205,
 straffeloven § 195 første ledd annet straffalternativ og annet ledd bokstav c) jf
 § 206, jf § 205,
 straffeloven § 195 første ledd førstestraffalternativ og annet ledd bokstav b og
 c, jf § 205,
 straffeloven § 195 første ledd førstestraffalternativ bokstav c
 straffeloven § 195 første ledd annet straffalternativ og annet ledd bokstav b jf
 § 206, jf § 205,
 straffeloven § 193 annet ledd,
 straffeloven § 199 første ledd,
 straffeloven § 204a første ledd bokstav a og
 straffeloven § 201 første ledd bokstav c,
 alt sammenholdt med straffeloven § 61 og straffeloven § 62 første ledd, til en
 straff av forvaring i 12 – tolv – år med en minstetid på 8 – åtte – år.

Til fradrag i tidsramme og minstetid går 437 – firehundreogtrettisv – dager som anses utholdt i varetekts.

2. E, født 23. september 1964, dømmes for overtredelse av
 straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf tredje ledd bokstav b jf § 205,
 straffeloven § 195 første ledd annet straffalternativ og annet ledd bokstav b og
 c jf § 206 jf § 205,
 straffeloven § 195 første ledd førstestraffalternativ og annet ledd bokstav b og
 c jf § 205,
 straffeloven § 195 første ledd førstestraffalternativ og annet ledd bokstav b jf
 § 205,
 straffeloven § 193 annet ledd,
 straffeloven § 197,
 straffeloven § 204a første ledd bokstav a og
 straffeloven § 201 første ledd bokstav c,
 alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til en straff av forvaring i
 11 – ell[e]ve – år med en minstetid på 7 – sju – år og 6 – seks – måneder.

Til fradrag i tidsramme og minstetid går 309 – trehundreogni – dager som anses utholdt i varetekts.

3. D, født 25. mai 1964, dømmes for overtredelse av straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf tredje ledd bokstav b jf § 205, straffeloven § 195 første ledd første straffealternativ og annet ledd bokstav b og c jf § 205, straffeloven § 204a første ledd bokstav a, alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til en straff av fengsel i 4 – fire – år.

Hun frifinnes for tiltalebeslutningens poster I, II c, V og VI a.

4. B, født 4. juli 1964, dømmes for overtredelse av straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf tredje ledd bokstav b jf § 205, straffeloven § 195 første ledd første straffealternativ og annet ledd bokstav b og c jf § 205, straffeloven § 204a første ledd bokstav a, alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til en straff av fengsel i 4 – fire – år.

Han frifinnes for tiltalebeslutningens poster I, II c, V og VI a.

5. E, født 1. mars 1947, dømmes for overtredelse av straffeloven § 195 første ledd første straffealternativ og annet ledd bokstav b jf § 205 og straffeloven § 201 første ledd bokstav c, alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til en straff av fengsel i 1 – ett – år og 9 – ni – måneder.

Til fradrag i straffen går 1 – en – dag som anses utholdt i varetekts.

6. A dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningerstatning med 200.000 – tohundretusen – kroner til
 - G
 - H
 - I
 - J
7. E dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningerstatning med 200 000 – tohundretusen – kroner til
 - G
 - H
 - I
 - J
8. D dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningerstatning med 200 000 – tohundretusen – kroner til H
9. B dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningerstatning med 200 000 – tohundretusen – kroner til H
10. F dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningerstatning med 50 000 – femtitusen – kroner til J
11. A dømmes til å tåle inndragning av et Sony DVCamvideokamera, en Lexar minnepenn, en harddisk Asus A6R og diverse beslaglagte dvd plater, cd plater og dvcam kassetter, jf straffeloven § 35 flg.

12. Saksomkostninger idømmes ikke.”

(5) Med avgrensa unntak vart dommen anka både av påtalemakta og av dei tiltalte, likevel ikkje når det gjaldt F. Eidsivating lagmannsrett, som var sett med lagrett, sa 6. juni 2011 dom med slik domsslutning:

- ”1. A, født 8. oktober 1946, dømmes for overtredelse av**
- straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf annet ledd bokstav a og tredje ledd bokstav b jf § 206 og § 205,
 - straffeloven § 195 første ledd første og annet straffalternativ og annet ledd bokstav b og c jf § 206 og § 205,
 - straffeloven § 199 første ledd,
- og de forhold som ble rettskraftig avgjort ved Nord-Østerdal tingretts dom 18. februar 2011, alt sammenholdt med straffeloven § 61 og straffeloven § 62 første ledd, til en straff av forvaring i 13 – tretten – år med en minstetid på 8 – åtte – år.

Til fradrag i tidsramme og minstetid går (pr. 6. juni 2011) i alt 562 – femhundreogsekststo – dager som anses utholdt i varetekts.

- 2. E, født 23. september 1964, dømmes for overtredelse av**
- straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf tredje ledd bokstav b jf § 205,
 - straffeloven § 195 første ledd første og annet straffalternativ og annet ledd bokstav b og c jf § 206 og § 205,
 - straffeloven § 193 annet ledd,
 - straffeloven § 197,
 - straffeloven § 204a første ledd bokstav a,
- og de forhold som ble rettskraftig avgjort ved Nord-Østerdal tingretts dom 18. februar 2011, alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til en straff av fengsel i 12 – tolv – år.

Til fradrag i straffen går (pr. 6. juni 2011) i alt 434 – firehundreogtrettifire – dager som anses utholdt i varetekts.

- 3. D, født 25. mai 1964, dømmes for overtredelse av**
- straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf tredje ledd bokstav b jf § 205,
 - straffeloven § 195 første ledd første straffalternativ og annet ledd bokstav b og c jf § 205,
 - straffeloven § 204a første ledd bokstav a,
- alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til en straff av fengsel i 3 – tre – år.

Til fradrag i straffen går (pr. 6. juni 2011) i alt 111 – ethundreogelleve – dager som anses utholdt i varetekts.

- 4. B, født 4. juli 1964, dømmes for overtredelse av**
- straffeloven § 192 første ledd bokstav a jf annet ledd bokstav a og tredje ledd bokstav b jf § 206 og § 205,
 - straffeloven § 195 første ledd første og annet straffalternativ og annet ledd bokstav b og c jf § 205,
 - straffeloven § 204a første ledd bokstav a,
- alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til en straff av fengsel i 4 – fire – år.

Til fradrag i straffen går (pr. 6. juni 2011) i alt 111 – ethundreogelleve – dager som anses utholdt i varetekts.

5. A dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningserstatning med
- 350 000 – trehundreogfemtitusen – kroner til I,
 - 350 000 – trehundreogfemtitusen – kroner J,
 - 250 000 – tohundreogfemtitusen – kroner til G, og
 - 200 000 – tohundretusen – kroner til H.
6. E dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningserstatning med
- 350 000 – trehundreogfemtitusen – kroner til I,
 - 350 000 – trehundreogfemtitusen – kroner J,
 - 150 000 – ethundreogfemtitusen – kroner til G, og
 - 150 000 – ethundreogfemtitusen – kroner til H.
7. D dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningserstatning med 100 000 – ethundretusen – kroner til H.
8. B dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse å betale oppreisningserstatning med
- 200 000 – tohundretusen – kroner til G,
 - 200 000 – tohundretusen – kroner til H.
9. Saksomkostninger er ikke påstått og ileses ikke.”
- (6) A anka over saksbehandlinga og straffutmålinga. B anka over saksbehandlinga, straffutmålinga og avgjerala av dei sivile krava. D anka over saksbehandlinga og avgjerala av dei sivile krava.
- (7) Påtalemakta anka over straffutmålinga i høve til E, B og D. E og D gav inn motankar over straffutmålinga.
- (8) Ankeutvalet gjorde 16. september 2011 i sak HR-2011-01738-U slikt vedtak:
- ”Ankane over straffekravet blir tillatne fremja så langt det gjeld anke frå D over framhalden saksbehandlingsfeil om manglende grunngiving for domfelling etter tiltalepostane I, II c, V og VI a, og så langt det gjeld ankar og motankar over straffutmålinga. Elles blir ankane over straffekravet ikkje tillatne fremja.
Ankane over sivile krav blir ikkje tillatne fremja.”
- (9) Ein av dei krenkte, H, sette deretter fram krav om ny behandling av dei sivile krava i straffesaka, jf. straffeprosesslova § 434 femte ledd. Ankeutvalet gav ikkje samtykke til slik behandling, jf. vedtak 2. desember 2011 i sak HR-2011-02250-U.
- (10) Eg gir eit oversyn over ankane og påstandane for Högsterett:
- (11) A har anka dommen der straffa av lagmannsretten var sett til forvaring med ei tidsramme på 13 år og ei minstetid på 8 år, og sett fram påstand om at straffa blir sett ned. Det inneber også at det er gjort gjeldande at det ikkje er grunnlag for forvaring. Påtalemakta har ikkje anka overfor A, men gjort gjeldande at anken blir forkasta.
- (12) E har anka dommen der straffa av lagmannsretten vart sett til fengsel i 12 år, og sett fram påstand om at anken frå påtalemakta blir forkasta og straffa blir sett ned. Påtalemakta har anka overfor E og sett fram påstand om at straffa blir sett til forvaring med ei tidsramme på 12 år og ei minstetid på 8 år.

- (13) *B* har anka dommen der straffa av lagmannsretten vart sett til fengsel i 4 år, og sett fram påstand om at anken frå påtalemakta blir forkasta, og at straffa blir sett ned. Påtalemakta har anka overfor *B* og sett fram påstand om at straffa blir sett til fengsel i 7 år.
- (14) *D* – no med namnet *C* – har anka dommen der straffa av lagmannsretten vart sett til fengsel i 3 år. Ho har prinsipalt påstått lagmannsrettens dom med ankeforhandling oppheva. Subsidiært har ho sett fram påstand om at straffa blir sett ned, og at anken frå påtalemakta blir forkasta. Påtalemakta har anka overfor *D* og sett fram påstand om at straffa blir sett til fengsel i 6 år.
- (15) *Mitt syn på saka*
- (16) I. Innleiing
- (17) Eg er komen til at anken over saksbehandlinga må forkastast. Det bør ikkje nyttast forvaring, men lengda på fengsesstraffene – også det nivået som låg til grunn for forvaringsdommen i lagmannsretten for *A* – må aukast for alle dei fire domfelte.
- (18) Eg skal straks gi eit oversyn over kven som er domfelt og krenkt i saka, deretter skal eg seie litt generelt om dei strafflagde tilhøva for så å sjå på kva domfellingane omfattar for kvar einskild. Etter å ha gjort det, ser eg på saksbehandlingsanken. Deretter ser eg på straffutmålinga, uavhengig av spørsmålet om bruk av forvaring. Til sist ser eg på spørsmålet om det bør givast dom på forvaring for *A* og *E*.
- (19) II. Personane
- (20) Saka gjeld fire personar som er domfelte for mange tilfelle av seksuell omgang med fire born, og då også valdtekter og samleie medan borna var i alderen 7 til 13 år.
- (21) *E* (*E*) var frå 1994 gift med *K*. Saman har dei borna *I* (*I*), fødd 21. mars 1994, og *J* (*J*), fødd 6. januar 1997. I 1998 flytta *E* og *K* saman med fellesborna til ein einebustad nord for *X* sentrum. *E* og *K* vart separerte eitt år etter at dei kom til bygda. *E* innleia deretter eit forhold til *L*, som budde på eit småbruk rett nord for *E* sin einebustad.
- (22) I 2002 flytta ekteparet *B* og *D* inn i eit hus noko sør for der *E* budde. *B* er bror til *L*. Ekteparet *H* kom frå *Y* og hadde med seg borna *G* (*G*), fødd 10. august 1992, og *H* (*H*), fødd 11. juli 1995. Barnevernet tok over omsorga for borna 9. februar 2005, og desse vart då flytta frå *X*.
- (23) Forholdet mellom *L* og *E* vart avslutta i juni 2003. I september 2003 tok *E* telefonisk kontakt med *A* (*A*) som budde på eit småbruk 10 km lenger nord. Dei innleia etter kort tid eit forhold, og *A* flytta same hausten inn hos *E* og dei to borna hennar. Forholdet mellom *E* og *A* tok slutt 26. august 2007, då *A* utan å varsle *E* flytta frå Noreg til *Z* i *Æ*.
- (24) III. Allment om dei strafflagde tilhøva
- (25) Som nemnt tok *E* hausten 2003 kontakt med *A* og fekk han til å flytte inn i huset sitt der også *I* og *J* budde. Både *I* og *J* var born med særleg trøng til omsorg og oppfølging – *I* med diagnosen autist og *J* med diagnosen Asperger syndrom.

- (26) I staden for å leggje vekt på omsorg og oppfølging innretta A og E kvardagen slik at borna var seksuelt tilgjengelege for dei vaksne. Soverommet var såleis innreidd slik at borna og dei vaksne sov i same seng, som bestod av to dobbeltsenger som var sette inntil kvarandre og skrudde saman. Lagmannsretten uttalar at allereie ”fra høsten 2003 var det en grenseoverskridende adferd i huset, ved at barna, særlig I, gikk nakne og halv nakne”.
- (27) Dei grove seksuelle overgrepene i høve til I og J tok til 21. mars 2004 då I fylte 10 år og J var 7 år og 2 månader. Overgrepene heldt fram til i august 2007 då A flytta til ÅE.
- (28) Både A og E forgreip seg på begge desse borna. Det var eit monaleg tal samleie, og det var også annan seksuell omgang. I dette ligg det også domfelling for incest. Både A og E vart dessutan funne skuldige i å utnytte I si psykiske liding og utviklingshemming. Ein del av handlingane vart fotograferte eller tekne opp på video. Det var både ein del av krenkinga og eit sjølvstendig brotsverk ved opptak og innehav av barnepornografi.
- (29) Det er lagt til grunn at handlingane mot I og J skjedde i heile perioden, men at det skjedde ei opptrapping etterkvart. I stor grad var begge dei vaksne til stades under handlingane, til dels også andre.
- (30) Som før nemnt flytta ekteparet D og B til X i 2002. Dei var begge tunge rusmisbrukarar då dei kom til bygda, og etter kvart vart E trekt inn i dette misbruket. Dei vaksne nyttar såleis mykje alkohol og hasjisj i denne tida.
- (31) Borna til ekteparet L vart utsette for massiv omsorgssvikt, både fysisk og psykisk. Dei fekk ikkje nok mat heime og var i stor grad overletne til seg sjølve. Det førte til at borna søkte til E – som vart omtala som ”tante” fordi ho hadde vore saman med L – for å leike med hennar born og for å få mat og godteri. H og G vart trekte inn i den seksualiserte åtferda til E og A. Lagmannsretten har lagt til grunn at overgrepene mot H og G starta samtidig med dei mot I og J. Medan I og J var opplærte til seksuell omgang med vaksne, vart slik omgang overfor H og G tvinga fram. Overgrepene mot H og G skjedde i ein periode på 10 månader fram til 9. februar 2005 då barnevernet tok over omsorga for dei.
- (32) Verken D eller B er domfelte for direkte overgrep mot eigne born, men dei er funne skuldige i medverknad til overgrep mot dei frå A og E.
- (33) Som nemnt var det i stor grad ei seksualisert åtferd i huset til A og E. Det innebar mellom anna at borna ofte var nakne eller halv nakne. Overgrepene skjedde i stor grad med fleire til stades, og det vart dels også fotografert eller gjort videoopptak. I vart også ved fleire høve slikka i skrittet av hund.
- (34) F vart av tingretten dømd til ei straff av fengsel i 1 år og 9 månader. Dommen vart ikkje anka. F var til stades ein gong i 2007 då E tok J sin penis i munnen. Han kom då med oppmuntrande tilrop. Det vart gjort filmopptak, slik at det såleis var fleire til stades. Også eit samleie mellom F og E der begge borna hennar var til stades, er filma. Handlingane kastar lys over den seksualiserte åtferda i huset også når det gjeld dei andre vaksne.
- (35) IV. Kva domfellingane gjeld
- (36) Eg minner om definisjonen av samleie i straffelova § 206:

”Når bestemmelsene i dette kapittel bruker uttrykket samleie, menes vaginalt og analt samleie. Med samleie likestilles innføring av penis i munn og innføring av gjenstand i skjede eller endetarmsåpning. Ved handlinger som nevnt i § 195 likestilles med samleie også innføring av penis inn i og mellom de store og små kjønnslepper.”

- (37) Tilvisinga til § 195 inneber at det juridiske omgrepet samleie omfattar meir der den krenkte er under 14 år enn elles.
- (38) Samleie går inn under omgrepets seksuell omgang. I saka er det med annan seksuell omgang enn samleie i hovudsak sikta til masturbasjon, både av det kvinnelege og det mannlige kjønnsorganet, og til slikking og suging av kjønnsorgan. Det er ikkje her nødvendig å gå inn på dei nærmere grensene for kva som fell inn under slik annan seksuell omgang. Når eg i saka omtalar seksuell omgang utan å knyte det til samleie, talar eg om slik annan seksuell omgang.
- (39) A
- (40) Lagmannsretten har lagt til grunn at A i tida 21. mars 2004 til 9. februar 2005 valdtok G til vaginalt samleie i alle fall fem gonger. I tillegg kjem nokre tilfelle av valdtektil til seksuell omgang. Overgropa skjedde også medan andre var til stades.
- (41) A er domfelt for 10 tilfelle av valdtektil til seksuell omgang med H.
- (42) Når det gjeld I, hadde A seksuell omgang med henne frå mars 2004 til august 2007. Lagmannsretten har lagt til grunn at det ”jevnlig har vært seksuell omgang og at han har gjennomført et betydelig antall samleier med I”. Det er også lagt til grunn at A saman med E hadde lært opp fleire hundar som slikka I i underlivet.
- (43) For J er det lagt til grunn at den seksuelle omgangen starta før han fylte 10 år den 6. januar 2007. Lagmannsretten har lagt til grunn jamleg seksuell omgang og eit monaleg tal på samleie.
- (44) I stor grad var det tale om handlingar der andre var til stades. Det gjaldt, slik eg kjem attende til, ved fleire høve også foreldra til G og H ved overgropa mot dei. Det er straffeskjerande.
- (45) Sentralt er det også at det ligg føre eit medverkaransvar. Eg viser til domsgrunnane hos lagmannsretten, der det heiter:

”Lagretten har også svart ja på at E har medvirket til As overgrep av I og J, og på at A har medvirket til Es overgrep av I og J. Det er på det rene at de har vært tilstede på en rekke av hverandres overgrep uten å forsøke å motvirke den andres overgrep. Både E i egenkap av mor og A som stefar hadde en klar handleplikt. De var også generelt klar over hva den andre drev på med, slik at de stilteinende godtok den andres overgrep.”

- (46) Tingrettsdommen var for A endeleg når det gjaldt medverknad til eitt samleie som E hadde med J, utnytting av I si psykiske liding til å skaffe seg seksuell omgang, framstilling og innehav av barnepornografi og krenkjande og uanstendig åtferd overfor born under 16 år.
- (47) E

- (48) E er domfelt for å ha valdteke H til seksuell omgang minst 10 gonger.
- (49) Lagmannsretten har lagt til grunn at valdtektil seksuell omgang med G skjedde ”noe under 10 ganger”.
- (50) Det er vidare lagt til grunn at E i heile overgrepsperioden på vel tre år jamleg hadde seksuell omgang med J, med ei viss opptrapping i 2007. Det tok til før han var 10 år med suging av penis og heldt seinare fram med eit etter kvart større tal vaginale samleie.
- (51) Domfellinga omfattar vidare seksuell omgang med I ved minst 10 høve.
- (52) Som det går fram av det som er sitert frå lagmannsrettsdommen under gjennomgangen for A, er E også domfelt som medverkar.
- (53) *B*
- (54) For B er det tale om domfelling som medverkar til overgrep mot hans eigne born, gjennomførte av A og E.
- (55) Når det gjeld A, gjeld domfellinga medverknad til tre tilfelle av valdtektil seksuell omgang overfor H. B er vidare domfelt for medverknad til to tilfelle av valdtektil seksuell omgang overfor G, og av desse gjaldt eitt tilfelle valdtektil samleie.
- (56) Vidare medverka B til overgrep frå E. Han var til stades minst tre gonger medan ho hadde seksuell omgang med H og to gonger med G.
- (57) B er vidare domfelt for ved fleire høve å ha fotografert eller gjort opptak av overgrep mot born.
- (58) *D*
- (59) Også for D er det tale om medverknad til overgrep mot eigne born, gjennomførte av A og E.
- (60) D var til stades minst tre gonger medan A valdtok H til seksuell omgang og ein gong under slik valdtektil G.
- (61) D var også til stades minst tre gonger medan E gjorde seg skuldig i valdtektil seksuell omgang av H og minst ein gong ved slik valdtektil G.
- (62) Også D er domfelt for ved fleire høve å ha fotografert eller gjort opptak av overgrep mot born.
- (63) V. Saksbehandlingsanken
- (64) Eg går no over til å sjå på saksbehandlingsanken frå D.
- (65) Ho vart i lagmannsretten domfelt etter tiltalepostane I, II c, V og VI a, som var postar som ho var frifunnen for i tingretten. Det er her tale om medverknad til valdtektil seksuell

omgang mot G fra A og E, og som eg nett har omtala. Det er såleis tale om medverknad til eitt tilfelle av valdtekst til seksuell omgang fra A og eitt tilfelle av slik valdtekst fra E.

- (66) Høgsterett tok i plenumsdommen i Rt. 2009 side 750 stilling til krava til grunngiving av lagmannsrettsdommar der skuldspørsmålet er avgjort av lagretten. Spørsmålet har seinare vore oppe fleire gonger for Høgsterett, og eg nøyer meg med å vise til korleis rettstilstanden har vore summert opp.

- (67) I Rt. 2009 side 1439 heiter det i slutten av avsnitt 27:

”Jeg kan ikke se at det følger av [plenumsdommen] avsnitt 75 og 76 at lagmannsretten i sin alminnelighet skal begrunne bevisvurderingen i lagrettens fellende kjennelse i skyldspørsmålet. Men en begrunnelse for skyldvurderingen må gis i de tilfellene hvor dette er nødvendig for å gi den domfelte og allmennheten et tilstrekkelig grunnlag for å etterprøve hvorfor han eller hun er kjent skyldig.”

- (68) Vidare viser eg til Rt. 2010 side 865 der krava er nærmere utdjupa i avsnitta 22 og 23:

”(22) Samlet viser avgjørelsene fra høsten 2009 at vi står overfor et snevert unntak fra hovedregelen om at bevisvurderingen under skyldspørsmålet ikke skal begrunnes i saker med lagrette, jf. straffeprosessloven § 40 første ledd. Bare der det foreligger et konkret behov for begrunnelse – som trer klart frem – fordi sentrale punkter i bevisvurderingen blir stående uforklart, vil det være nødvendig å begrunne bevisresultatet.

(23) Slike situasjoner vil i første rekke kunne oppstå når tiltalte blir dømt i lagmannsretten etter å ha vært frifunnet eller dømt for et mindre alvorlig forhold i tingretten. Men Rt-2009-1526 viser at det heller ikke i slike tilfeller alltid vil være nødvendig å begrunne bevisresultatet. Som nevnt i Rt-2009-1439 avsnitt 29 kan det fremgå uttrykkelig eller av sammenhengen i dommen for øvrig hvilke bevis som har vært avgjørende for skyldspørsmålet. Lagmannsrettens dom må også ses i sammenheng med tingrettens dom. Hvis dommene lest i sammenheng gjør resultatet etterprøvbart og forståelig, vil det ikke være nødvendig med en ytterligere begrunnelse fra lagmannsretten. Har tingretten derimot, som i Rt-2009-1439, uttrykt stor skepsis mot domfelless, og bevisituasjonen dessuten er tilnærmet lik i de to instansene, men bevisvurderingen under skyldspørsmålet likevel faller forskjellig ut, kan det tilsi begrunnelse. Det vil også kunne ha betydning hvor omfattende tingrettens begrunnelse for sitt bevisresultat er. Foreligger det i saken et særlig punkt som må forklares, og tingretten har gitt en svært mangefull begrunnelse for domfelless, kan det også bli nødvendig for lagmannsretten å begrunne bevisresultatet, selv om tiltalte blir dømt i begge instanser.”

- (69) Eg legg denne rettsforståinga til grunn vidare.

- (70) I tingretten vart D som alt nemnt frifunnen for medverknad når det gjaldt valdtekene til seksuell omgang mot G. H hadde i dommaravhøyre forklara seg om at både mora og faren hadde vore til stades då dette hadde skjedd. G nekta å forklare seg i tingretten, og det vart dokumentert bevisopptak. Tingretten kom til at bevisa ikkje var tilstrekkelege til domfelling.

- (71) I lagmannsretten gav G ei utførleg forklaring. Ho sa der at faren var til stades under overgrep, men at mora ikkje var det.

- (72) For H sin del vart dommaravhøyra spela av for lagmannsretten, og i dei hadde han sagt at mor var til stades under overgrep mot G. I lagmannsrettsdommen heiter det at det var

grunnar som tilsa ”særlig forsiktighet med Hs forklaring, avgitt ved tre dommeravhør”. Samtidig er det uttala at det først og fremst var H si forklaring som knytte foreldra til festinga hos E og A. Det heiter vidare:

”H sier at foreldrene var tilstede regelmessig. Men denne del av forklaringen har på grunn av avhørers spørsmålsstilling begrenset verdi. Lagmannsretten legger derfor til grunn at G og H var mer sporadisk tilstede sammen med foreldrene.”

- (73) Situasjonen i lagmannsretten var såleis at G nekta for at mor hadde medverka ved overgrepene, medan H i dommaravhøyra hadde sagt at ho var det.
- (74) Ut frå det som er sagt i domspremissane meiner eg at det må leggjast til grunn at det for retten var spørsmål om å vurdere forklaringane opp mot einannan. Dette måtte då gjerast i eit samla bevisbilete, der lagmannsretten også hadde andre forklaringar som kasta lys over situasjonen.
- (75) Det hadde kanskje vore ønskjeleg at retten hadde uttala seg nærmare om bevisvurderinga og bevisavveginga. Men det var i stor grad spørsmål om kva forklaring retten skulle feste lit til. Og det går fram av domsgrunnane at retten var merksam på dei særlege vanske gjennomføringa av avhøyra av H reiste.
- (76) Det ligg såleis i straffutmålingsgrunnane at dei juridiske dommarane, til liks med lagretten, la avgjerande vekt på forklaringa frå H. Dette er uttrykk for ei stillingstaking under bevisvurderinga. Det går fram av den protokollerte rettsutgreiinga frå lagmannen at han – straks etter å ha gått gjennom ulike sider av forklaringane frå H og G – understreka og utdjupa at ein kvar rimelig tvil skal kome dei tiltalte til gode.
- (77) Etter mitt syn er det ikkje nokon saksbehandlingsfeil at retten ikkje har grunngitt bevisresultatet nærmare.
- (78) VI. Straffutmålinga
- (79) *Allment*
- (80) Det som gjer denne saka spesiell og særleg alvorleg, er kombinasjonen av mange konkrete overgrep over ein lang tidsperiode, der fleire born har vore utnytta av fleire vaksne, og der fleire vaksne i stor grad har vore til stades under overgrepene. Det har også vore tale om barn heilt ned i sjuårs alder, og det har vore barn som har vore i ein sårbar situasjon.
- (81) Rettspraksis gir i liten grad rettleiing for utmålinga. Det kjem dels av at det er tale om grove og omfattande seksuelle overgrep over lang tid mot fleire born, på eit vis som ikkje har særleg likskap med andre saker for Högsterett. Dels kjem det også av at det er tale om eit rettsfelt der straffenivået er under utvikling, jf. om det prinsipielle i Högsteretts storkammerdom i Rt. 2009 side 1412 avsnitta 27 til 29, og om det meir konkrete i Rt. 2010 side 1595 avsnitt 10 med vidare tilvisingar.
- (82) Straffutmålinga må med det skje utan særleg støtte i rettspraksis. Ei viss rettleiing når det gjeld utmålinga for A og E kan kanskje søkjast i avgjerala i Rt. 2005 side 1766 som lagmannsretten viser til, og der straffa vart sett til fengsel i ni år. Men sjølv om saka frå 2005 var svært alvorleg, ser eg det slik at omstenda i saka her gjer det påkravd med langt

strengare reaksjon. Dommen er dessutan frå ei tid då straffenivået var lågare enn det er i dag.

(83) *A og E*

(84) A og E er domfelte for omfattande overgrep mot E sine born over ein periode på meir enn tre år. Dei er ikkje dømde for valdtekta av desse borna, då det her hadde skjedd ei ”tilvenning” til seksuelle aktivitetar. Dette har likevel avgrensa vekt ved straffutmålinga ut frå alderen på borna. J var såleis 7 år og 2 månader gammal då overgrepa tok til og noko over 10 då dei opphøyrd, I tilsvarande vel 10 og snart 14 år.

(85) I dei tre åra levde borna i eit seksualisert tilvære, som var regissert av mor og stefar. Det var også ein del av dette at dei vaksne misbrukte alkohol og hasjisj. Borna hadde dermed ingen å støtte seg til. Eg minner om at I hadde diagnosen autist og J diagnosen Asperger, slik at dei var born som hadde særleg behov for omsorg og støtte.

(86) Også H og G vart trekt inn i dei seksuelle aktivitetane. Desse to borna kom frå ein heim der foreldra var tunge rusmisbrukarar. Dei kalla E for tante – ho hadde tidlegare vore sambuar med onkelen deira – slik at det her også var ei form for familielinkning. Overfor H og G er A og E funne skuldige i seksuell omgang, som også omfatta valdtekter. Overgrepa skjedde dels i nærvær av og ved hjelp av foreldra til H og G.

(87) Eg minner om at domfellinga også gjaldt andre tilhøve slik eg har gjort greie for tidlegare.

(88) Samla sett er det tale om ekstraordinært alvorlege handlingar. Etter mitt syn er det ikkje grunn til å skilje i straffenivå mellom A og E. Det var tale om handlingar som dei i hovudsak var saman om, og det var felles tilrettelegging som gjorde at omfanget vart som det vart. Begge er såleis domfelte for medverking til stordelen av overgrepa frå den andre. For E kjem det særleg til at ho som mor svikta borna sine grovt ved det overgrepsregimet ho utsette dei for. Dette skjedde dessutan overfor born med ein særleg trøng for vern og omsorg.

(89) Etter mitt syn bør straffa vere vesentleg strengare enn det dei tidlegare instansane kom til, og også enn det påtalemakta har gitt uttrykk for gjennom sin påstand for Högsterett. For både A og E bør straffa setjast til fengsel i 15 år. At overgrepa har vore alvorlege for borna, ligg i straffenivået, og det er derfor ikkje nødvendig å gå nærmare inn på dette.

(90) Eg kjem attende til spørsmålet om forvaring. Ei straff av fengsel i 15 år er grunnlaget for den vurderinga.

(91) *B og D*

(92) Eg har tidlegare gjort greie for kva domfellingane gjeld. Som det gjekk fram var det medverknad til ganske mange overgrep der dei direkte gjerningspersonane var A og E. Men det er likevel slik at omfanget er mindre for B og for D enn for A og E både når det gjeld talet på handlingar og utstrekninga i tid.

(93) For B og D kan eg ikkje sjå at straffa for medverknad til valdtekta kan bli lågare enn om dei sjølvve hadde stått for dei direkte handlingane. Tvert om må det vere skjerpende at

dei let andre utføre dei, medan dei – som foreldre – var til stades og aktivt sytte for at A og E kunne stå for den direkte gjennomføringa.

(94) I lagmannsrettsdommen er det såleis sagt at A nokre gonger oppnådde den seksuelle omgangen ”som følge av at Hs foreldre og E ga H beskjed om at han måtte gjøre det, og at de sperret døra for ham”. Og for valdtektena frå A og E mot G er det sagt at B medverka ”ved ikke å gripe inn, og også fysisk ved å stenge døren for G som ville vekk”. Det må også vere skjerande at dette skjedde i ein situasjon der B og D var klare over at A og E misbrukte sine eigne born.

(95) Om overgropa mot G heiter det i lagmannsrettsdommen:

”D har ikke medvirket til innstrengning i kroppens hulrom, men til masturbasjonslignende seksuell omgang og til slikking av Gs kjønnsorgan. ... B har medvirket til at A voldtok G til samleie mens hun var 11-12 år.”

(96) Av lovgivinga følgjer at det skal vere eit skilje i straffenivået for valdtekta ut frå om det har skjedd valdtekta til samleie eller ikkje. B er funnen skuldig i medverknad til ti tilfelle av valdtekta til seksuell omgang, og av desse eitt tilfelle av valdtekta til samleie. D er funnen skuldig i medverknad til åtte tilfelle av valdtekta til seksuell omgang, men ikkje i noko tilfelle av valdtekta til samleie. Dette gjere at straffa må bli ein del strengare for B enn for D.

(97) Det er mitt syn at straffa også her må bli strengare enn i dei tidlegare rettane. For B kan eg slutte meg til det syn påtalemakta har gitt uttrykk for gjennom sin påstand for Høgsterett. I hovudsak er eg einig også for D, men meiner at skilnaden som følgje av at ho ikkje er domfelt for medverknad til valdtekta til samleie, må vere noko større enn det påtalemakta synest å ha lagt til grunn. Eg minner også om at B også er domfelt for eitt tilfelle meir av medverknad til valdtekta til seksuell omgang, altså utan samleie, enn det D er.

(98) For min del meiner eg at straffa for B passande kan setjast til fengsel i 7 år og for D til fengsel i 5 år og 6 månader.

(99) VII. Om forvaring

(100) *Allment*

(101) Eg skal først seie litt om korleis eg ser på dei rettslege utgangspunkta for bruk av forvaring.

(102) I Rt. 2007 side 187 som gjaldt eitt drap og to forsøk på drap, er vilkåra for forvaring omtala slik:

”(22) På bakgrunn av de tre svært alvorlige forbrytelser domfelte har begått, tidligere alvorlige forbrytelser og strafferettslige reaksjoner og hans forhold til rusmidler og hans psykiske lidelser, finner jeg det klart at det i dag foreligger en nærliggende fare for at A på ny vil begå en alvorlig forbrytelse som nevnt i § 39 c nr. 1 første punktum.

(23) Spørsmålet blir deretter om forvaring bør idømmes fordi en tidsbestemt fengselsstraff ikke anses tilstrekkelig til å verne samfunnet mot den fare domfelte utgjør, jf. § 39 c innledningen. Dette grunnvilkåret for forvaring står i nær forbindelse

med gjentagelsesvilkåret, men slik at blikket nå rettes inn i fremtiden, mot den faren som eventuelt foreligger når domfelte ved endt tid skal løslates fra en tidsbestemt fengselsstraff. Jo lengre den alternative tidsbestemte straff er, jo vanskeligere vil bedømmelsen være, og desto høyere må terskelen for å idømme forvaring bli.

(24) I denne saken synes forsvarer og aktor enige om at en tidsbestemt straff av fengsel i 17 år antas passende for de forbrytelser som domfelte er kjent skyldig i. Jeg er ikke uenig i denne vurderingen, og spørsmålet blir om en så lang fengselsstraff vil være tilstrekkelig til å verne samfunnet mot den fare A utgjør.”

- (103) Vilkåra for forvaring er utdjupa i Rt. 2007 side 1056 (NOKAS), der eg først siterer avsnitt 110:

”Jeg understreker først at formålet med forvaring ikke er å ramme de mest alvorlige forbrytelser med en særlig streng straff. Forvaring er en særforholdsregel overfor spesielt farlige lovbruytere for å beskytte samfunnet mot at de begår nye farlige forbrytelser i fremtiden.”

- (104) I førearbeida er det uttala at forvaring har sitt hovedbruksområde når den alternative fengselsstraffen vil vere fra nokre månader og opp til seks til åtte år, sjå Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) side 86 og NOU 1990: 5 side 112. Etter departementet sitt syn burde forvaring til vanleg ikkje vare meir enn 10 år samtidig som den absolute grensa skulle vere 15 år. I proposisjonen er det vidare uttala om forvaring som alternativ til dei strengaste fengselsstraffene:

”Departementet viser til utvalgets begrunnelse her: For det første vil samfunnsvernet allerede være bedre ved en lengre fengselsstraff. For det andre vil den farligheitsvurderingen som skal foretas på domstolen, ha et svakere grunnlag jo lengre den alternative fengselsstraffen er. Og nettopp ved at anvendelsesområdet ikke lovfestes, vil retten ha anledning til å idømme forvaring selv om den alternative fengselsstraffen ville vært lengre enn 6-8 år, dersom dette anses påkrevd.”

- (105) Justiskomiteen endra tidsrammene til at forvaring til vanleg ikkje bør gå ut over 15 år og ikkje kan vare ut over 21 år, jf. Innst. O. nr. 34 (1996–1997). Dette vart nedfelt i straffelova § 39 e.
- (106) Om bruken av forvaring ved særleg lange fengselsstraffer viser eg elles til NOKAS-dommen avsnitta 115 og 116, der det går fram at det er døme på bruk av forvaring også der den alternative fengselsstraffen har vore svært lang. Eg siterer:

”I forarbeidene er det angitt at forvaring har sitt hovedanvendelsesområde når den alternative fengselsstraffen vil være fra noen måneder og opp til seks til åtte år, se Ot.prp.nr.87 (1993-1994) side 86 og NOU 1990:5 side 112. At man skal være tilbakeholden med å anvende forvaring når den alternative fengselsstraffen overskrider 15 år, har også kommet til uttrykk i § 39e første ledd, som fastsetter at tidsrammen ‘vanligvis ikke bør overstige femten år’.

Samtidig følger det forutsetningsvis av § 39e første ledd at forvaring unntaksvis kan idømmes for forbrytelser med alternativ fengselsstraff inntil 21 år. Både departementet og Særreaksjonsutvalget uttaler at forvaring kan tenkes brukt også ved kriminalitet som kvalifiserer til meget lang tidsbestemt straff, se proposisjonen side 86 og utredningen side 113. Det er også eksempler fra rettspraksis hvor forvaring er idømt når den alternative fengselsstraffen har vært svært lang, se Rt. 2007 side 183, hvor den alternative straffen var fengsel i 12 år og Rt. 2003 side 1778, hvor den alternative straffen var fengsel i 21 år.”

- (107) Den dømde sin alder ved lauslating etter fullføring av den alternative samla fengselsstraffa vil ha innverknad på vurderinga, jf. NOKAS-dommen avsnitt 117 med tilvisingar. Av same avsnitt går det også fram at ”sannsynligheten for at det kriminelle miljø den dømte har tilhørt, er opphørt ved løslatelsen, har vært tillagt vekt”.
- (108) Før Høgsterett i denne saka gjekk over til å drøfte forvaring konkret er det uttala at nettopp ” tidsmomentet står sentralt i den foreliggende sak fordi den alternative straffen er en langvarig fengselsstraff”, jf. avsnitt 118. Avgjerda om bruk av forvaring bygde på ei samla vurdering ut frå dei synsmåtane det var gitt uttrykk for i den delen av dommen som eg no har gått gjennom.
- (109) *Dei sakkunnige sine erklæringer i saka*
- (110) Lagmannsretten startar i saka vår drøftinga med å sitere og å kommentere delar av konklusjonane hos dei rettsoppnemnde sakkunnige, som for A var overlege Terje Tørrisen og psykolog Bjørn Solbakken og for E var overlege Tørrisen og overlege Helge Haugerud. Eg gir att denne delen av lagmannsrettsdommen:

”De rettsoppnevnte sakkynlige har konkludert med at både A og E tilfredsstiller diagnosen pedofil ut fra ICD-10. Men det er en handlingsdiagnose som settes på alle som har begått overgrep på barn, og sier således lite om gjentakelsesfarene. Den har de sakkynlige bedømt ut fra instrumentet SVR-20 som står for Sexual Violence Risk. Observanden blir vurdert opp mot 20 punkter innen områdene psykososial tilpassing, seksuelle overgrep og fremtidsplaner. Ut fra As score har de sakkynlige konkludert slik:

Etter en samlet klinisk vurdering, støttet av SVR-20, mener de sakkynlige at det foreligger en betydelig risiko for at observanden i fremtiden vil utøve seksuell vold. Flere av de signifikante risikofaktorene er knyttet til stabile personlighetstrekk og seksuelle preferanser. Dette er forhold som er vanskelige å endre. Når det i tillegg synes å være fravær av erkjennelse, ansvarstaking og motivasjon for endring, vil prognosene for fremtidig reduksjon i risiko være svært dårlig.

Selv stabile personlighetstrekk kan i noen tilfeller justeres gjennom langvarig psykoterapeutisk arbeid, men det er langt fra alltid mulig. En slik forandring er en tidkrevende prosess som fordrer motivasjon og innsats for å oppnå en endring man også selv ser seg tjent med. Disse forutsetningene synes ikke å være oppfylt i denne saken. De sakkynlige kan derfor ikke peke på faktorer som vil bidra til å bedre prognosene.

De sakkynlige har også vurdert E mot punktene i SVR-20, og ut fra hennes score har de konkludert slik:

Etter en samlet klinisk vurdering, støttet av SVR-20, mener de sakkynlige at det foreligger en betydelig risiko for at observanden i fremtiden vil utøve seksuell vold. Flere av de signifikante risikofaktorene er knyttet til stabile personlighetstrekk og seksuelle preferanser. Dette er forhold som er vanskelige å endre. Når det i tillegg synes å være fravær av erkjennelse, ansvarstaking og motivasjon for endring, vil prognosene være dårlig.

Selv stabile personlighetstrekk kan i noen tilfeller justeres gjennom langvarig psykoterapeutisk arbeid. En slik forandring er tidkrevende, noe som fordrer motivasjon og innsats. Disse forutsetningene synes ikke å være oppfylt hos observanden. De sakkynlige vil anmerke at følgende faktorer vil kunne bidra til å bedre prognosene: Hun må avstå fra rusmiddelbruk, etablere stabile rammer og struktur i forhold til arbeid, samt unngå nære relasjoner med dominerende menn. I tillegg vil psykologisk

behandling med vekt på ansvarliggjøring og endring av personlighetsmessig fungering kunne bedre prognosene.

Bruken av SVR-20 må sees på bakgrunn av vitenskapens behov for modeller for å beskrive virkeligheten. SVR-20 består altså av 20 punkter som generelt øker risikoen for tilbakefall, og konklusjonen er et produkt av hvor mange av punktene observanden oppfyller. Dette blir skjevt i forhold til den fremgangsmåte som skal følges ved bevisbedømmelse der det avgjørende er styrken av det samlede bevismateriale som teller. Og selv om negative holdninger til behandling er et av punktene, fanger ikke SVR-20 opp at det avgjørende vurderingstidspunkt for gjentakelsesfare er inn i fremtiden etter at de har sonet en straff av henholdsvis 13 og 12 års fengsel.”

- (111) A
- (112) Tingretten fastsette straffen for A til forvaring med ei lengstetid på 12 år. Lagmannsretten kom til forvaring med lengstetid 13 år. Avgjerdene byggjer på ei alternativ fengselsstraff av same lengde.
- (113) Eg startar med å vise til vilkåret i § 39 c nr.1 om at det i dag – på domstidspunktet – må vere ein nærliggjande fare for at domfelte på ny vil gjere seg skuldig i slike lovbroter som dei som er nemnde i føresegna.
- (114) A fekk i 1999 ein dom på fengsel i 90 dagar på vilkår for å ha teke på kjønnsorgana til to jenter på 11 ½ og 13 år og for å ha blotta seg for den eine av desse.
- (115) Etter at han flytta inn hos E, gjekk det relativt kort tid før det skjedde alvorlege seksuallovbrot over ein periode på meir enn tre år, slik eg tidlegare har gjort greie for. Dei sakkunnige har konkludert med at ”det foreligger en betydelig risiko for at observanden i fremtiden vil utøve seksuell vold”. Eg legg til grunn at det er slik nærliggjande fare for tilbakefall som lova krev.
- (116) Spørsmålet er om bruk av forvaring er nødvendig for å verne samfunnet, eller om det tilstrekkelege samfunnsvernet kan oppnåast ved at A blir dømt til ei langvarig fengselsstraff, som altså etter mitt syn bør vere på 15 år.
- (117) Forvaring skal vurderast opp mot soning av heile fengselsstraffa, som har ei lengde som overstig det som dei fleste med fengselsdom reint faktisk sonar i eit fengsel, jf. reglane i straffegjennomføringslova. Eg meiner at soning i fengsel i 15 år under alle omstende vil måtte føre til ei realitetsoorientering hos A.
- (118) Det ligg til grunn for lova – eg har sitert frå proposisjonen tidlegare – at ei svært langvarig fengselsstraff i seg sjølv i stor grad må rekna med å ta vare på omsynet til samfunnsvernet. Som framheva særleg i dommen i Rt. 2007 side 187, må det vere slik at til lenger fengselsstraffa er, til vanskelegare vil vurderinga av faren for tilbakefall vere, og til høgare må terskelen vere for å dømme til forvaring.
- (119) A vil ved avslutta soning av fengsel i 15 år vere 78 år. Alderen i seg sjølv talar mot bruk av forvaring. Generelt må det også kunne leggjast til grunn at såpass høg alder gjer at omfanget av ulike former for straffbare aktivitetar blir redusert. Det må gjelde også for føresegne i kapitlet om seksuallovbrot, sjølv om det finst døme på domfelling for slike brotsverk også for personar på 78 år og meir.

- (120) Lagmannsretten synest å ha lagt eit for strengt krav til grunn ved vurderinga av samfunnsvernet, ved at dette er knytt opp til om tilbakefallsfaren på lauslatingstidspunktet var nærliggjande, jf. om dette spørsmålet Høgsterrets dom 19. desember 2011 i sak HR-2011-02354-A. Eg er merksam på det. Samtidig er det slik at det etter mitt syn ligg ein vesentleg realitet i at den alternative fengselsstraffa og den alternative lauslatingsalderen er endra frå 13 og 76 år til 15 og 78 år. For ein person i så høg alder inneber to ekstra år i soningstid og i alder ein vesentleg realitet for samfunnsvernet.
- (121) For som det går fram av Rt. 2007 side 187 avsnitt 23, som eg har sitert tidlegare, er det slik at terskelen for å dømme til forvaring blir høgare etter som den tidsfastsette straffen aukar. Det inneber at ikkje ein kvar fare for seksuallovvbrot som går inn under lova, kan gi grunnlag for å nytte forvaring ved ei så lang fengselsstraff som det som er alternativet her.
- (122) Det kan ut frå lagmannsrettsdommen sjå ut til at A så langt ikkje hadde teke realiteten i saka inn over seg, og at han heller ikkje vedkjende seg noko behov for behandling. Korleis han no ser på dette, er ikkje nærmere klarlagt. Det går likevel fram av lagmannsrettsdommen at A hadde sagt seg viljug til å gå i terapi.
- (123) Vurderinga av grunnvilkåret i straffelova § 39 c er vanskeleg, spesielt når alternativet er ei svært langvarig fengselsstraff og lauslating ved temmeleg høg alder. Etter mitt syn er det så usikkert om det av omsyn til samfunnsvernet er behov for å gi dom på forvaring, at denne reaksjonen ikkje bør nyttast overfor A.
- (124) E
- (125) E vart i tingretten dømt til forvaring med ei lengstetid på 11 år, som då var den alternative fengselsstraffa. Lagmannsretten fastsette straffen for henne til fengsel i 12 år. Som nemnt legg eg til grunn at den alternative straffen som bruk av forvaring skal vurderast opp mot, er fengsel i 15 år.
- (126) Eg startar også her med vilkåret i § 39 c nr.1 om at det i dag må vere ein nærliggjande fare for at domfelte på ny vil gjøre seg skuldig i slike lovbroten som dei som er omfatta av føresegna.
- (127) Som før omtala gjekk det relativt kort tid etter at A flytta inn hos E, før det skjedde alvorlege seksuallovvbrot over ein periode på meir enn tre år. Dei sakkunnige har også for henne konkludert med at ”det foreligger en betydelig risiko for at observanden i fremtiden vil utøve seksuell vold”. Eg legg til grunn at det er slik nærliggjande fare for tilbakefall som lova krev.
- (128) Spørsmålet er også for henne om bruk av forvaring er nødvendig for å verne samfunnet, eller om det tilstrekkelege samfunnsvernet kan oppnåast ved ei fengselsstraff på 15 år.
- (129) Ho vil vere vesentleg yngre ved lauslatinga ved den alternative soninga av fengsel i 15 år enn det A vil, nemleg 60 år. Alderen har såleis ikkje same vekt ved vurderinga for henne som for A, men det er nok også for henne grunn til å rekne med at alderen tilseier minska trøng for samfunnsvern.
- (130) Eg viser til at ho før lagmannsretten si behandling eit stykke på veg vedgjekk å ha eit problem som ho trøng behandling for. Ho starta såleis med behandling for

rusavhengigheit, og ho har gitt uttrykk for at ho vil utdanne seg til kokk i fengselet. For avgjerda av om det skal nyttast straff på forvaring, er det eit viktig moment at det ligg føre vilje til å ta mot rettleiring og behandling.

- (131) Den rettsoppnemnde sakkunnige har som ein faktor som kan vere med på å betre prognosene for henne, nemnt at ho må ”unngå nære relasjoner med dominerende menn”. Når eg tek opp det, er det fordi det også understrekar det spesielle ved saka. Den har sin start og sin slutt i strafferettsleg samanheng ved at A kom inn i huset og ved at han flytta ut. Eg viser her også til det momentet som er nemnt til slutt i det eg siterte frå NOKAS-dommen, nemleg om det kriminelle miljøet er oppløyst.
- (132) Vurderinga av grunnvilkåret i straffelova § 39 c er vanskeleg, spesielt når alternativet er ei svært langvarig fengselsstraff og lauslating ved temmeleg høg alder. Men også for E konkluderer eg med at det er så usikkert om det av omsyn til samfunnsvernet er behov for å gi dom på forvaring, at denne reaksjonen ikkje bør nyttast overfor henne.
- (133) Straffa for E bør såleis setjast til fengsel i 15 år.
- (134) VIII. Konklusjon
- (135) Min konklusjon er etter dette at eg meiner at A og E begge må dømmast til ei straff av fengsel i 15 år.
- (136) For B bør straffa setjast til fengsel i 7 år og for D fengsel i 5 år og 6 månader.
- (137) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. I lagmannsrettsdommen for A blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 15 – femten – år.
Til frådrag i straffa går 761 – sjuhundreogsekstiein – dagar for uthalden varetekt.
2. I lagmannsrettsdommen for E blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 15 – femten – år.
Til frådrag i straffa går 633 – sekshundreogtrettitre – dagar for uthalden varetekt.
3. I lagmannsrettsdommen for C (tidlegare D) blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 5 – fem – år og 6 – seks – månader.
Til frådrag i straffa går 310 – trehundreogti – dagar for uthalden varetekt.
4. I lagmannsrettsdommen for B blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 7 – sju – år.
Til frådrag i straffa går 310 – trehundreogti – dagar for uthalden varetekt.

- (138) Dommer **Matningsdal**: Jeg er enig med førstvoterende i at det ikke er grunnlag for å oppheve lagmannsrettens domfellelse av D, nå C. Videre har jeg kommet til samme resultat som ham med hensyn til frihetsstraffens lengde for de fire domfelte. Men etter min mening må både A og E idømmes forvaring.
- (139) Ved lagmannsrettens dom er de begge funnet skyldig i et betydelig antall alvorlige seksuallovbrudd – lovbrudd som etter straffeloven § 39 c nr. 1 er i kjerneområdet for anvendelse av forvaring.
- (140) Det første spørsmålet er dermed om det er ”nærliggende fare” for at de ”på ny vil begå en slik forbrytelse”. Dette vilkåret innebærer at det på domstidspunktet, altså i dag, må være en kvalifisert og reell gjentakelsesfare, jf. bl.a. Rt. 2005 side 289 avsnitt 19 med videre henvisninger. Formuleringen ”en slik forbrytelse” viser at det er tilstrekkelig med en kvalifisert og reell fare for at de domfelte vil begå ett nytt alvorlig seksuallovbrudd. Fare for et større antall seksuallovbrudd kreves ikke.
- (141) For den konkrete vurderingen av gjentakelsesfaren i dag fastsetter § 39 c nr. 1 tredje og fjerde punktum:

”Ved farevurderingen skal det legges vekt på den begåtte forbrytelsen eller forsøket sammenholdt særlig med lovtryterens afferd og sosiale og personlige funksjonsevne. Det skal særlig legges vekt på om lovtryteren tidligere har begått eller forsøkt å begå en forbrytelse som nevnt i første punktum.”

- (142) Jeg finner det klart at vilkåret om kvalifisert og reell gjentakelsesfare i dag er oppfylt for begges vedkommende, og nøyer meg med å vise til førstvoterendes votum om de særdeles omfattende og grove overgrepene de er funnet skyldig i. Overgrepene og de nærmere omstendighetene taler kort sagt for seg selv.
- (143) Det springende punktet er dermed om en fengselsstraff på 15 år ”anses tilstrekkelig til å verne samfunnet” mot at de begår et nytt alvorlig seksuallovbrudd etter løslatelse fra de aktuelle alternative fengselsstraffene. Som grunnlag for denne vurderingen tar jeg utgangspunkt i førstvoterendes presisering i Rt. 2007 side 187 avsnitt 23:

”Dette grunnvilkåret for forvaring står i nær forbindelse med gjentakelsesvilkåret, men slik at blikket nå rettes inn i fremtiden, mot den faren som eventuelt foreligger når domfelte ved endt tid skal løslates fra en tidsbestemt fengselsstraff. Jo lenger den alternative tidsbestemte straff er, jo vanskeligere vil bedømmelsen være, og desto høyere må terskelen for å idømme forvaring bli.”

- (144) De momentene som jeg har sitert fra § 39 c nr. 1 tredje og fjerde punktum, er altså også relevante ved vurderingen av om fengselsstraffer på 15 år gir et tilstrekkelig samfunnsvern. Men i motsetning til farekravet på domstidspunktet, kreves det ikke en kvalifisert og reell gjentakelsesfare ved løslatelse etter soning av hele den alternative fengselsstraffen. Som førstvoterende uttaler i Rt. 2005 side 289 avsnitt 36, er spørsmålet om det ”fortsatt vil være fare for” at de skal begå nye seksuallovbrudd. Men den alternative fengselsstraffens lengde er sentral ved denne vurderingen.
- (145) Før jeg går inn på den konkrete vurderingen, nevner jeg at utsagnet i Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) side 86 om at det sentrale anvendelsesområdet for forvaring ville være tilfeller hvor ”den alternative fengselsstraffen vil være fra noen måneder opp til 6-8 år”

må ses i sammenheng med at departementet foreslo at tidsrammen ikke skulle kunne overskride 15 år. I Innst. O. nr. 34 (1996–1997) endret imidlertid justiskomiteen lovforslaget og utvidet tidsrammen til 21 år. Lengste minstetid ble dessuten utvidet fra fem til ti år. Dette har etter min mening påvirket praksis som gir flere eksempler på at det er anvendt forvaring ved svært lange alternative fengselsstraffer. Jeg nøyer meg med å vise til Rt. 2010 side 676 hvor det er idømt forvaring med en tidsramme på 12 år for åtte voldtekter mot tilfeldig utvalgte kvinner.

- (146) Med dette rettslige utgangspunktet ser jeg først på om A bør idømmes forvaring. De grove og omfattende seksualovergrepene mot fire forskjellige barn over en lengre periode har etter min mening avdekket en gruppvekkende karakterbrist. Totalinntrykket er at han ikke hadde noen grenser for hvilke overgrep han utsatte de fire barna for og hvilke tilskuere som kunne være til stede. Karakteristisk er lagmannsrettens utsagn om at han sammen med E ”etablerte et overgripsregime slik at barna daglig var tilgjengelig for misbruk i over 3 år”. Dette illustreres av at da han flyttet inn hos E, skrudde de to dobbeltsenger sammen slik at det ble plass til alle familiemedlemmene i samme seng. Og han gikk endatil så langt at flere av voldtektenes av ----barna ble utført under medvirkning fra deres foreldre. Hans manglende hemninger illustreres også av at han sammen med E lærte opp flere hunder til å slikke I i skrittet. I forbindelse med domfellessen for produksjon av barnepornografi fremgår det av tingrettens dom at det foreligger en ”fotoserie fra 25.10.2005 som viser Is nakne underliv og en hund som slikker kjønnsorganet”. Et annet illustrerende eksempel er at han den 29. november 2004 kjøpte en vibrator til henne som hun kunne bruke åpenlyst til onani. På dette tidspunktet var hun 10 ½ år gammel, og hun er, som nevnt av førstvoterende, autist.
- (147) De sakkyndige har konkludert med at A er pedofil – noe som illustreres av at lagmannsrettens flertall uttaler at han

”... åpenbart tenner seksuelt på små barn. Han har uttalt at barn har de beste kroppene fordi de er så rene og ubrukte. Det er ikke tvilsomt at han var seksuelt tent av I i den videofilmen med de to som er vist [hvor han gjennomfører et vaginalt samleie med henne, deretter trakk seg ut og overlot til henne å onanere seg før han selv fortsatte til sædavgang mot hennes underliv]. Tilsvarende var han seksuelt tent av et barn da han onanerte til sædavgang på to bilder av barns kjønnsorgan. Hans legning vises også av hans interesse for å ta vare på video-opptakene til tross for at de er krystallklare fellende bevis.”

- (148) Mot denne bakgrunn er det etter min mening sentralt at de sakkyndige uttaler at han ”både har benektet og bagatellisert de overgrep han hittil har bekreftet å ha begått, og han har gått svært langt i å legge ansvaret på andre enn seg selv”. Tilsvarende uttaler lagmannsrettens flertall at han
- ”... benekter å være pedofil eller å ha et problem med å begrense sin seksuelle aktivitet til lovlige handlinger. Han har ikke gitt uttrykk for anger eller bekymring for hva hans handlinger kan ha gjort med barna. I stedet er han opptatt av det uføre saken har brakt ham i. Han har sagt seg villig til å gå i terapi, men flertallet kan ikke tillegge det momentet særlig vekt all den tid A benekter å ha behov for behandling. Det gjør behandling i praksis umulig.”**
- (149) Dette tilsier, som også de sakkyndige har understreket, at prognosen er dårlig for fremtidige endringer av hans holdning.

- (150) Denne konklusjonen bestyrkes av at han i 1999 er dømt for beføling av kjønnsorganet til to jenter på 11 ½ og 13 år samt for blotting av kjønnsorganet overfor den yngste av jentene. Overgrepet mot den eldste jenta var relativt grovt: Det er tale om en jente som hjalp ham i forbindelse med hans eggproduksjon, og som han hadde fått med seg inn i bolighuset. Om det som deretter skjedde hadde jenta forklart i dommeravhøret:

”Tiltalte hadde da satt seg ved siden av M i sofaen, og hadde satt på en pornografisk videofilm. Under filmfremvisningen trakk tiltalte Ms langbukse og underbukse ned på leggene mens hun selv satt i sofaen. Deretter forklarte hun at han stakk en finger inn mellom hennes ytre kjønnslepper og gned fingeren litt frem tilbake der.”

- (151) Retten fant denne forklaringen, hvor fornærmede beskrev en handling som grenser mot seksuell omgang, ”svært troverdig”. Selv om disse forbrytelsene ikke er tilstrekkelig alvorlige til å omfattes av § 39 c nr. 1 første punktum, forsterker de etter min mening en konklusjon om at en tidsbestemt straff på fengsel i 15 år ikke kan ”anses tilstrekkelig til å verne samfunnet”.
- (152) Spørsmålet er imidlertid om hans høye alder, 78 år, ved løslatelse fra en eventuell fengselsstraff likevel tilsier at en fengselsstraff vil gi tilstrekkelig samfunnsvern. Etter min vurdering kan det ikke trekkes en slik konklusjon. Jeg viser til at det ikke er ukjent at også personer i så høy alder begår til dels alvorlige seksuallovbrudd. Til illustrasjon viser jeg til Rt. 1992 side 382 hvor en mann på 79 år – 78 år på gjerningstiden – ble idømt fengsel i to år for alvorlige seksuelle overgrep overfor en jente på 11 år. Han hadde blitt kjent med henne da hun oppsøkte ham for loddsgalg. Et annet eksempel finner man i Rt. 1989 side 823 hvor en tidligere ustraffet mann på 81 år var dømt for seksuelle overgrep mot fire jenter i alderen 9 til 12 år. Han var 80 år på gjerningstidspunktet. Barna hadde besøkt ham i hans hjem og hjulpet ham med innkjøp og andre gjøremål.
- (153) I likhet med de domfelte i disse sakene vil også A etter løslatelsen kunne komme i kontakt med fremmede barn. Dessuten har han tre barn fra tidligere forhold – født i henholdsvis 1970, 1976 og 1980. Dette innebærer at han ved løslatelsen vil kunne ha barnebarn – eventuelt oldebarn – som vil kunne bli utsatt for seksuelle overgrep.
- (154) Før jeg konkluderer viser jeg til at lagmannsrettens flertall kom til at A måtte idømmes forvaring til tross for at det tok et uriktig rettslig utgangspunkt i forhold til spørsmålet om en fengselsstraff ”anses tilstrekkelig til å verne samfunnet”. Flertallet uttaler således at spørsmålet er om gjentakelsesfarene er ”nærliggende” etter at han har sonet en fengselsstraff på 13 år. Deretter uttaler det at det hadde ”kommet til at gjentakelsesfarene da fortsatt vil være *kvalifisert og reell*” (uthevet her). Dette er, som nevnt, farekravet på domtidspunktet og ikke ved løslatelse. Denne konklusjonen, som er basert på en omfattende ankeforhandling med umiddelbar bevisførsel og som dermed har gitt lagmannsretten bedre innsyn enn Høyesterett i overgrepene grovhets og As personlighet, har etter min mening selvstendig betydning ved farevurderingen.
- (155) Som oppsummering viser jeg til at vi står overfor en mann som nå får sin andre dom for seksuallovbrudd – den nåværende den alvorligste som er forelagt Høyesterett i nyere tid. Når han da i tillegg ifølge de sakkyndige er uten ”erkjennelse, ansvarstaking og motivasjon for endring”, og de dessuten kom til at han er ”svært bevisst i de virkemidler han bruker for å oppnå det han ønsker”, kan jeg ikke basere meg på at den alternative fengselsstraffen kan ”anses tilstrekkelig til å verne samfunnet”.

- (156) Min konklusjon er etter dette at A må dømmes til forvaring med en tidsramme på 15 år og en minstetid på 10 år.
- (157) E er i dag 47 år gammel, og etter fradrag for utholdt varetekt vil hun være 60 år ved løslatelse fra en alternativ fengselsstraff på 15 år. Denne alderen er i seg selv klart ikke til hinder for at det fortsatt vil være fare for at hun begår et nytt seksuallovbrudd. Jeg viser til det jeg allerede har uttalt om A. Men den betydelige mellomliggende perioden innebærer at det som utgangspunkt skal mye til for at faren er tilstrekkelig på dette tidspunktet selv om farekravet er lavere enn det lagmannsretten har lagt til grunn også for hennes vedkommende. Til tross for dette har jeg, som allerede nevnt, kommet til at en fengselsstraff ikke gir et tilstrekkelig samfunnsvern overfor henne.
- (158) I denne sammenheng tar jeg utgangspunkt i at hun, i likhet med A, er funnet skyldig i seksuelle overgrep mot barn som i grovhets grad er uten sammenlignbar nyere høyesterettspraksis. Ved disse overgrepene har også hun lagt for dagen en gruppvekkende karakterbrist. Mitt inntrykk av lagmannsrettens dom er at hun i den aktuelle perioden, som strekker seg over nærmere tre og et halvt år med omfattende seksuell omgang, var totalt uten sperre for egne seksuelle overgrep og hva hun medvirket til av andres overgrep mot egne barn. Det kan bl.a. vises til at lagmannsretten, som allerede nevnt, la til grunn at hun sammen med A ”etablerte et overgrevsregime slik at barna daglig var tilgjengelig for misbruk i over 3 år”.
- (159) Til nærmere illustrasjon viser jeg til at lagmannsretten fant det bevist at hun ”i perioden fra 21. mars 2004 til august 2007 jevnlig har hatt seksuell omgang med J med en viss opptrapping i 2007. Det begynte før han var 10 år med suging av penis og et etter hvert større antall vaginale samleier”. J, som er hennes sønn, ble 10 år 6. januar 2007. Om det ene samleiet med sønnen heter det i lagmannsrettens dom:
- ”Lagmannsretten har sett film hvor hun får J til å føre penis inn i skjeden. Det er mest sannsynlig at opptaket er fra 8. oktober 2006, som var 60-årsdagen til A. Da sier E til A at han skal vise J hvorledes et samleie skal gjennomføres. Det gjør A, og deretter fører J sin penis inn i morens vagina.”**
- (160) I tillegg til å gjennomføre samleie med sin egen ni år gamle sønn, ble altså samleiet filmet.
- (161) Når det gjelder hennes egne overgrep overfor datteren I, har lagmannsretten funnet bevist seksuell omgang ”minst” ti ganger. Til illustrasjon av krenkelsene overfor datteren gjentar jeg at lagmannsretten, som nevnt, fant det bevist at ”A sammen med E hadde lært opp flere hunder til å slikke I i underlivet”.
- (162) Det som videre karakteriserer hennes oppførsel, er at hun, etter at hun selv hadde kontaktet A, og til tross for at hun var kjent med hans tidligere dom for seksuallovbrudd, etter kort bekjentskap tok ham inn i sitt hjem og medvirket til hans omfattende seksuelle overgrep mot hennes barn. Og hun nøyde seg ikke med å medvirke til As seksuelle overgrep mot barna. Utenom A er også en annen mann, F, dømt for medvirkning til et tilfelle hvor hun førte sin sønns penis inn i sin munn. Hun og F er videre dømt for å ha gjennomført et samleie med begge barna til stede samtidig som samleiet ble filmet. Til ytterligere illustrasjon av hennes hemningsløse seksuelle oppførsel med utenforstående til stede viser jeg til følgende fra lagmannsrettens dom:

"Det ble særlig ille etter nyttår i 2007 med mye alkohol og hasjisj. Den 19. april 2007 kl. 19:07 er det tatt bilder der J trekker ned morens bukser mens moren omfavner F som ligger i senga sammen med en naken I. J tar henne i skrittet og gjør samleielignende bevegelser bakfra mot moren. Kl. 19:13 slikker moren Js penis og minuttet etter kysser hun I på brystet. Deretter suger moren Js erigerte penis."

- (163) I tillegg kommer hennes massive overgrep overfor de to nabobarna som på grunn av foreldrenes grove omsorgssvikt i stor utstrekning oppholdt seg i hennes hus og omtalte henne som "tante".
- (164) Etter å ha lagt for dagen en slik usedvanlig alvorlig karakterbrist, skal det etter min mening mye til for at en fengselsstraff av den aktuelle lengden kan "anses tilstrekkelig til å verne samfunnet". Spørsmålet blir etter dette hvilke slutninger man kan trekke på bakgrunn av de funn som er gjort ved den rettspsykiatriske undersøkelsen.
- (165) På grunnlag av sine undersøkelser har de sakkyndige funnet det "godtgjort at observanden har seksuell preferanse for barn i prepubertal og pubertal alder". Hensett til de omfattende seksuelle overgrepene som hun er funnet skyldig i overfor egne og andres barn, har de etter min mening dekning for denne konklusjonen. Denne preferansen ville hun ikke erkjenne overfor de sakkyndige, og det fremgår av lagmannsrettens dom at hun også under ankeforhandlingen "bagatelliserer og bortforklarer overgrepene ved å vise til at hun var ruset, og erkjenner ikke at hun har problemer med å sette grenser for seg selv eller barn". De sakkyndige uttaler dessuten at "[h]un ser helt bort fra [at] hennes egne manglende grenser overfor seg selv eller barn, kan være et problem". Bl.a. under henvisning til denne manglende erkjennelsen konkluderte de sakkyndige med at det er "betydelig risiko for at observanden i fremtiden vil utøve seksuell vold". Videre opplyser de at seksuelle preferanser er "vanskelige å endre". Under henvisning til "fravær av erkjennelse, ansvarstaking og motivasjon for endring" uttaler de videre at "prognosene [vil] være dårlig".
- (166) Det fremgår riktignok av lagmannsrettens dom at hun etter varetektsfengslingen 9. april 2010 påbegynte behandling for rusavhengighet. Men behandlingen ble avbrutt da hun ble flyttet til et annet fengsel. Lagmannsretten har lagt til grunn at hun vil gjenoppta denne behandlingen når hun kommer over på soning, og dette synes å ha vært avgjørende for lagmannsretten når den konkluderte med at det ikke var "nærliggende fare" for nye seksuallovbrudd ved endt soning. Jeg er enig med lagmannsretten i at dette kan redusere faren for nye seksuelle overgrep forutsatt at hun også ved løslatelse avstår fra å bruke rusmidler. Men hensett til de alvorlige overgrepene hun er funnet skyldig i og hennes manglende erkjennelse av den seksuelle dragningen mot barn, kan jeg ikke se at en fengselsstraff av den aktuelle lengden "kan anses tilstrekkelig til å verne samfunnet".
- (167) Jeg kan heller ikke se at forvaring kan unngås som følge av redusert utsikt til at hun ved løslatelsen kommer i kontakt med barn. I denne sammenheng nevner jeg at hun har en sønn født i 1985 og en datter født i 1986 fra et tidligere forhold. Det er dermed ikke urealistisk at hun i alle fall vil komme i kontakt med barnebarn som vil kunne bli utsatt for overgrep fra hennes side. Jeg viser dessuten til det jeg har fremhevet om As mulighet for å komme i kontakt med fremmede barn.
- (168) Etter dette har jeg kommet til at også E må idømmes forvaring med samme tidsramme og minstetid som A.

(169) Da jeg etter rådslagningen vet at jeg er i mindretall, utformer jeg ingen konklusjon.

(170) Dommer **Matheson**: Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende, dommer Utgård.

(171) Dommer **Tønder**: Likeså.

(172) Justitiarius **Schei**: Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med annenvoterende, dommer Matningsdal.

(173) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. I lagmannsrettsdommen for A blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 15 – femten – år.

Til frådrag i straffa går 761 – sjuhundreogsekstein – dagar for uthalden varetekt.

2. I lagmannsrettsdommen for E blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 15 – femten – år.

Til frådrag i straffa går 633 – sekshundreogtrettitre – dagar for uthalden varetekt.

3. I lagmannsrettsdommen for C (tidlegare D) blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 5 – fem – år og 6 – seks – månader.

Til frådrag i straffa går 310 – trehundreogti – dagar for uthalden varetekt.

4. I lagmannsrettsdommen for B blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 7 – sju – år.

Til frådrag i straffa går 310 – trehundreogti – dagar for uthalden varetekt.

Rett utskrift: